
Saknr: 2020/1410-14
Saksbehandlar: Liz Eva Tøllefsen

Fylkesutvalet

Referat frå meklingsmøte 17.02.2020 om områdeplan for Lyseparken - Bjørnefjorden kommune

Fylkesutvalet handsama fråsegn til områdeplan for Lyseparken i møte 30.01.2020, og gjorde følgjande vedtak:

Fylkesutvalet opprettheld motsegn knytt til rekkefølgjekrav på gang/sykkelveg og kollektivløsning, og gjev fylkesordførar fullmakt til å gå i mekling og finne løysingar på dette.

Det ble gjennomført meklingsmøte med Bjørnafjorden kommune om områdeplan for Lyseparken den 17.02.2020 hos Fylkesmannen i Vestland. Meklinga førte fram ,og partane vart samde om reviderte føresegner. Under følgjer referatet frå møtet kva gjeld fylkeskommunen sine interesser:

Rekkefølgjekrav for gang- og sykkelveg og kollektivtilbod:

Overordna

Det vert føresett at utvikling av Lyseparken er i samsvar med 0-vekstmålet.

Gang- og sykkelveg

Samanhengande gang- og sykkelveg i tråd med gjeldande krav mellom planområdet og eksisterande gang- og sykkelveg i aksa Osøyro-Bergen skal vere ferdigstilt seinast 2 år etter første bruksløyve er gitt.

Unntak

Datasenter som enten er på inntil 10.000 m² BRA, eller alternativt har inntil 50 årsverk, utløyser ikkje rekkefølgjekrav til gang- og sykkeltrase.

Retningslinjer

Kravet vert rekna som oppfylt ved etablering av trase Hetleflåtvatnet-Lyseparken som vist på figur nn under.

Kollektivtilbod

Det skal vere tilfredsstillande kollektivtilbod før bruksløyve kan bli gitt. Det vart føresett ein frekvens i kollektivtilbodet på 15 minuttar i rushtida.

Etter resultatet må det takast inn i føresegna ein figur som viser traseen Hetleflåtvatn - Lyseparken, knytt til retningslinja for gang- og sykkelveg. Partane må vere samde om figuren.

Oppfølging av mekling

Bjørnafjorden kommune må utarbeide og leggje fram for Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland reviderte plankart og føresegner før kommunen kan vedta planen. Kommunen kan deretter vedta reguleringsplanen i samsvar med det, men utan rettsverknad for felt B2 som det framleis er motsegn til.

Vedlegg

- 1 Referat frå mekling - områdeplan Lyseparken - Bjørnafjorden kommune